

**Frå tid til annan må kommunen skrive til seg sjølv og no har plankontoret i sektor for samfunnsutvikling sendt eit positivt brev til tekniske tenester. Før jul søkte tekniske tenester om dispensasjon frå føremålet friluftsområde til industriområde i gjeldande reguleringsplan for Børnes. Det har no det andre kommunale kontoret reagert på og det på ein avklarande og positiv måte.**

Saksbehandlar Ingo Bewer viser til at kommunedelplanen allereie har omregulert store deler av Børnes til industri og næringsføremål utan å setja plankrav. Kommunedelplanen er den sist reviderte planen for området og dermed overstyrer den reguleringsplanen,

Utifrå dette ser ikkje plankontoret noko behov for for ein dispensasjon frå reguleringsplanen eller ein dispensasjon frå kommuneplanen med krav om reguleringsplan.

Det heiter i lova at det for store byggje og anleggstiltak og andre tiltak som kan få vesentlege verknadar for miljø og samfunn blir kravd reguleringsplan. Men Bewer meiner at vesentlege verknadar for miljø og samfunn ikkje er tilfelle her og at krav om reguleringsplan difor ikkje gjeld,

Difor fell og basisen for søknaden og dispensasjonen vekk og saken må i staden sendast til dei som steller med byggjesakene med søknad om tiltak.

Av Ola Matti Mathisen